



Vennesla kommune

Arkivsak-dok. 25/02026-9
Arkivkode 19/A10
Saksbehandler Marianne Wegge

Saksgang	Møtedato
Levekårsutvalget	19.11.2025
Formannskapet	25.11.2025
Kommunestyret	11.12.2025

Barnehagebehovsplan Vennesla kommune 2026-2035

Kommunedirektørens forslag til innstilling:

1. Kommunestyret tek Barnehagebehovsplan Vennesla kommune 2026-2035 til orientering.
2. Det vert innført telletidspunkt kvar månad.

Sammendrag

Menon Economics har utarbeidd ein barnehagebehovsplan for Vennesla kommune som skal sikre at kommunen får eit berekraftig og behovstilpassa barnehagetilbod fram mot 2035.

Planen peiker på at kommunen i dag har overkapasitet, særleg i nedre Vennesla. På bakgrunn av SSB sine prognosar pr 2024 for framtidas barnetal er det venta eit fall fram mot 2028, før ein forventar ei svak auke. Førebelse tal på fødslar i 2025 syner derimot ei stor auke, frå 148 fødslar i 2024, til 220 venta fødslar i år.

Tiltak som Menon Economics tilrår er vurdert av kommunedirektøren.

1. Nedlegging av Barnestua barnehage: Ville gitt innsparingar på ca. 4 mill. kroner årleg, men kommunedirektøren tilrår å behalde barnehagen grunna høyringsinnspel og auka fødselstal i 2025.
2. Ny barnehage på Øvrebo: Vurdert som lite føremålstenleg då kapasiteten er i balanse.
3. Teljetidspunkt: Tilrådd å innføre månadlege teljetidspunkt for betre planlegging, rettferdig tilskotsfordeling og fleksibilitet.

Vedlegg

Barnehagebehovsplan Vennesla kommune 2026-2035

Høringsbrev – begrenset høring for politisk behandling

Høringssvar fra tillitsvalgte og verneombud i Barnestua barnehage

Høringssvar fra Smååsane barnehage

Høringssvar fra Snømyra barnehage

Høringssvar fra Fagforbundet Vennesla

Høringssvar Samarbeidsutvalget v. foreldrerepresentanter i Barnestua barnehage

Høringssvar fra Utdanningsforbundet Vennesla

Høringssvar fra Foreldreutvalget for barnehagene (FUB) Vennesla

Bakgrunn for saka

Menon Economics har på vegne av Vennesla kommune utarbeidd ein barnehagebehovsplan som dannar grunnlag for strategisk planlegging av barnehagetilbodet fram mot 2035. Planen var ferdig i august 2025. Planen tek utgangspunkt i kommunen sitt ansvar for å tilby eit barnehagetilbod av høg kvalitet, tilpassa det faktiske behovet og innanfor tilgjengelege økonomiske rammer.

Det er fleire faktorar som spelar inn i ei slik vurdering av barnehagesektoren i kommunen: synkende barnetal på kort sikt, usikker befolkningsutvikling på lengre sikt og ei krevjande økonomisk situasjon i kommunen. Barnehagebehovsplanen skal difor både sikre at barn i Vennesla får tilgang til eit godt og tilgjengeleg barnehagetilbod, og leggje til rette for berekraftig ressursbruk i sektoren.

Metode og datagrunnlag

Planen byggjer på befolkningsframskrivingar frå SSB, fråsegn frå private og kommunale barnehageeigarar og -styrarar, intervju med kommunen si planavdeling og analyse av eksisterande kapasitet, kostnader og dekningsgrad. Det er òg gjennomført vurderingar av ulike tiltak for å sikre framtidsretta kapasitetsstyring.

Hovudfunn

- Kommunen har per i dag overkapasitet i barnehagetilbodet, dette gjeld særleg i nedre Vennesla.
- Det er venta at talet på barn i barnehagealder vil falle fram mot 2028 før det er venta ei svak auke.
- Kommunen har avgrensa handlingsrom overfor private barnehagar, og regulering må difor primært skje i det kommunale tilbodet.
- Kommunen si økonomiske situasjon tilseier behov for strukturelle tilpassingar og effektivisering.

Tiltak og vurderingar

Planen drøftar tre hovudtiltak som kan bidra til betre balanse mellom behov, kapasitet og ressursbruk:

1. Nedlegging av Barnestua barnehage

Det er vurdert å leggje ned Barnestua barnehage, som er den minste og dyraste av dei kommunale barnehagane i Vennesla. Kapasiteten i nærliggande barnehagar vert vurdert som tilstrekkeleg til å dekke behovet på kort sikt ved ei eventuell nedlegging, og det vert også vurdert at andre barnehagar vil kunne dekke etterspurnaden i planperioden gjennom dagens kapasitet eller med enkle justeringar. Utrekningar viser eit årleg innsparingspotensial for kommunen på om lag fire millionar kroner ved ei nedlegging av Barnestua barnehage. Dette utgjer om lag 2 prosent av kommunen sine samla barnehagekostnader i 2024. I tillegg kan betre kapasitetsutnytting i kommunale barnehagar føre til ytterlegare effektiviseringsgevinstar.

2. Utbygging av ny kommunal barnehage på Øvrebø

Det er vurdert å byggje ein ny kommunal barnehage på Øvrebø som respons på tidlegare kapasitetsutfordringar i området. Dagens analysar viser at kapasiteten på Øvrebø er i balanse, og det ligg ikkje føre dokumentert, varig underdekning. I tillegg har området kort reiseveg til andre delar av kommunen, og barnehagetilbodet i Vennesla blir vurdert som godt tilgjengeleg også samanlikna med nasjonale forhold. Investering i ein ny barnehage på Øvrebø blir vurdert som lite føremålstenleg. Eventuelle framtidige behov kan i staden dekkast gjennom utviding av eksisterande tilbod, til dømes i samarbeid med private aktørar.

3. Innføring av to teljetidspunkt i barnehagane

Det er vurdert å supplere dagens årlege teljetidspunkt (15. desember) med eit ekstra tidspunkt i løpet av året – anten i mars eller august. Eit nytt tidspunkt kan gi meir presis tilskotsfordeling og opne for auka fleksibilitet for barnehagar og foreldre. Eit teljetidspunkt i mars vil i større grad leggje til rette for at foreldre kan kome raskare tilbake til jobb, medan august er enklare administrativt og gir betre budsjettstyring for kommunen.

Barnas beste

Alle tiltak er vurderte med omsyn til barnas tryggleik, kontinuitet og nærleik til tilbodet.

Barnehagestrukturen i Vennesla er prega av korte reiseavstandar og god geografisk dekning, noko som gjer det mogleg å tilby barnehageplass i eller nær barnas nærområde. Nesten uansett kva barnehage barnet får plass i, vil reisevegen vere kort samanlikna med mange andre kommunar i Noreg. I tillegg har kommunen eit mangfaldig barnehagetilbod beståande av både kommunale og private aktørar, med ulike pedagogiske profilar og organisering. Dette gir god valfridom for foreldre og bidreg til eit fleksibelt og brukartilpassa tilbod. Det er eit ønskje å bevare denne tilgongen og variasjonen også ved eventuelle strukturelle endringar. Samstundes er det viktig at sårbare barn – som barn som treng spesialpedagogisk hjelp, annan språkbakgrunn eller tidlegare brot i livssituasjonen – vert følgde særskilt opp dersom det vert endringar i barnehagestrukturen.

Konklusjon og tilråding frå Menon Economics

Barnehagebehovsplanen presenterer ei samla vurdering av kapasitet, befolkningsutvikling og økonomiske rammer i barnehagesektoren, og gjer greie for kva tiltak som kan vere aktuelle for å sikre eit berekraftig og behovstilpassa tilbod framover. Med bakgrunn i analysane som er gjort, vert det tilrådd å leggje ned Barnestua barnehage. Vidare kan det vurderast å innføre eit ekstra teljetidspunkt, der eit mars-tidspunkt vil bidra til meir fleksibilitet for foreldre og at barn starte i barnehage raskare, til dømes etter at foreldra er ferdig med permisjon eller tilflytting, medan eit august-tidspunkt vert meir økonomisk og administrativt føreseieleg for kommunen.

Det er viktig å merke seg at vurderingane i rapporten er baserte på dagens kunnskap og føresetnader. Det er stor uvisse knytt til framtidig demografisk utvikling, flyktningssituasjonen, private aktørars drift og endringar i barnehagedekning. Desse tilhøva kan påverke behovet for barnehageplassar i planperioden, og det vert difor tilrådd at kommunen følgjer utviklinga tett og vurderer tiltak fortløpande i lys av endra føresetnader.

Vurdering

Menon Economics heldt ei orientering om Barnehagebovsplanen i kommunestyremøte 2. september. I etterkant av dette har planen vore ute på avgrensa høyring. Det har kome inn sju(7) høyringsinnspel. Alle høyringsinnspela er lagt ved saka, det er fråsegn frå tilsette og foreldre i Barnestua, Foreldreutvalg for barnehagar Vennesla, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, foreldre og andre barnehagar. Her følgjer er oppsummering frå nokre av høyringsinnspela:

Barnestua barnehage (tillitsvalde og verneombod) uttrykkjer sterk motstand mot nedlegginga. Dei viser til at barnehagen vart totalrenovert i 2022 til ein kostnad på over 30 millionar kroner, og at bygget framstår som moderne og framtidsretta. Innspelet peikar på fleire svakheiter ved grunnlag for forslaget om nedlegging, mellom anna at prognosane ikkje tek omsyn til den kraftige auken i fødselstala i 2025, og at tilflytting og bustadbygging ikkje er vurdert. Dei meiner at ei nedlegging vil ha store negative konsekvensar for barn, foreldre, nærmiljø og tilsette, og at avgjerda vil vere både samfunnsøkonomisk og fagleg uheldig.

Barnestua barnehage – samarbeidsutvalet (SU) deler dei tilsette sitt synspunkt og understrekar at forslaget byggjer på utdatert statistikk og usikre føresetnader. Dei meiner det er kortsiktig å leggje ned eit nyrenovert bygg, og at ei nedlegging vil bryte med omsynet til barnas beste, kommunal styring og berekraft. SU viser òg til stort lokalt engasjement for å bevare Barnestua og støttar forslaget om to teljetidspunkt.

Foreldreutvalet for barnehagane (FUB) Vennesla støttar innføring av eit ekstra teljetidspunkt om våren, men går tydeleg imot nedlegging av Barnestua. Dei peikar på at prognosane er mangelfulle, særleg fordi fødselstala for 2025 ikkje er tekne med, og at rapporten dermed byggjer på feil føresetnader. FUB meiner ei nedlegging vil vere i strid med prinsippet om barnets beste etter barnehagelova og barnekonvensjonen, og viser til at ei slik omstilling vil skape store belastningar for barn, foreldre og tilsette.

Utdanningsforbundet Vennesla ber om gode prosessar for dei tilsette dersom nedlegging blir gjennomført, og at alle fast tilsette får halde fram i arbeid i kommunen. Dei peikar på at innsparinga er avgrensa sett i forhold til dei totale barnehagekostnadene.

Fagforbundet Vennesla legg vekt på ivaretaking av dei tilsette dersom Barnestua blir lagt ned. Dei etterlyser tidleg involvering av hovudtillitsvalde, tiltak for kompetanseheving og arbeid med alternative stillingar for dei som blir råka.

Kommunedirektøren si vurdering av barnehagebehovsplanen sine forslag til vedtaket er

1. Barnestua barnehage vert ikkje lagt ned.

Barnehagebehovsplanen peikar på synkende fødselstal, og at prognosane framskrive av SSB(Statistisk sentralbyrå) viser til ei forventa nedgang i talet på 1-5-åringar. Fødselstal dei siste åra har vore synkende. I 2023 vart det fødd 147 born, medan det vart fødd 148 born i 2024. Menon Economics har brukt fødselstal fram til 2024 som utgangspunkt for si vurdering av framtidens behov for barnehageplassar. 2025 viser seg å vere eit annleisår når det kjem til fødselstal. Det er forventa ei fødselstal på om lag 220 born i 2025. Dette er ei markant auke. På bakgrunn av høyringsinnspel, vurderingar av alternativ bruk av bygget Barnestua barnehage og auka fødselstal, vurderer kommunedirektøren at dei framtidige behov for barnehageplassar er vanskeleg å talfeste. Om ein legg ned Barnestua barnehage, vert det og ein vesentleg nedgang i talet på kommunale barnehageplassar. I 2012 var det ei politisk sak(84/12) om «Framtidig utbyggingsbehov på barnehageområdet». Punkt 1 i vedtaket i denne saka seier «Det prioriteres utbygging i kommunal regi inntil andel barnehageplasser er utjevnet». Bakgrunnen for dette vedtaket er at den statlege finansieringsordninga til barnehagar gjekk frå å vere øyremerka midlar, til i bli ein del av den totale ramma til kommunane. Finansieringsmodell i Vennesla kommune til dei private barnehagane er basert på rekneskap til dei kommunale barnehagane, med 2 års forseinking. Dette er også omtala i barnehagebehovsplanen. Ved å behalde Barnestua barnehage, vert ikkje talet på kommunale barnehageplassar redusert.

2. På bakgrunn av utgreiinga til Menon Economics i barnehagebehovsplanen er det ikkje aktuelt å bygge ein kommunal barnehage på Øvrebø.

3. Vennesla kommune innfører teljetidspunkt kvar måned for barnehagane. Erfaringar frå Randaberg kommune viser at dette over tid vil gi ein positiv økonomisk effekt. Ved å registrere barnetal kvar måned får kommunen ei løpande og oppdatert oversikt over kor mange barn som faktisk går i barnehagane. Dette gir eit betre grunnlag for planlegging, ressursfordeling og tilpassing av tilbodet.

Månadlege tal gir òg ei meir presis og rettferdig utrekning av tilskot til private barnehagar, då tilskota i større grad samsvarar med faktisk drift. Dette gir barnehagane insentiv til å fylle opp plassane sine, og kommunen kan raskare fange opp endringar i behov – som auka eller redusert etterspurnad – og justere kapasiteten deretter.

Tiltaket kan òg medføre større fleksibilitet for oppstart i barnehage for foreldre.

På kort sikt kan ordninga medføre noko auka administrativt arbeid og kostnader knytt til hyppigare rapportering og oppfølging. Samstundes gir det meir nøyaktige talgrunnlaget høve til å unngå over- eller underbetaling til barnehagane.

På lengre sikt kan kommunen oppnå økonomiske innsparingar ved å redusere feilutbetalingar og optimalisere ressursbruken. Eit betre datagrunnlag gir meir treffsikre budsjett og planlegging, som igjen kan bidra til meir effektiv drift og høgare kvalitet i barnehagetilbodet

Klima- og miljøkonsekvenser

Ikkje aktuelt

Økonomiske konsekvenser

Viser til budsjett- og økonomiplan 2026-2029.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår å behalde Barnestua, ikkje byggje ny barnehage på Øvrebø, og innføre teljetidspunkt kvar månad